

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

NVE –Konsesjonsavdelingen,
Postboks 5091 Majorstua,
Oslo 1.

Dato: 13.06.2018


FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Fråsegn knytt til søknad om regulering av Instebotnvatnet, Sesselva kraftverk i Vestnes kommune, Møre og Romsdal fylke

Vi viser søknad om regulering av Instebotnvatnet ved Sesselva kraftverk i Vestnes kommune med høyringsfrist 13.06.2018.

Vi leser av søknaden;

NVE har motteke ein søknad frå Sesskraft AS, datert 10.04.2018, om løyve til regulering av Instebotnvatnet i Vestnes kommune. Sesselva kraftverk sto ferdig i september 2016 og har sidan vore i drift. Oppstraums inntaket til kraftverket ligg Instebotnvatnet, eit fjellvatn med normalvasstand på kote 727,5. For å auke produksjonen vert det søkt om regulering av Instebotnvatnet mellom kote 726 (LRV) og kote 728 (HRV). Ei slik regulering av Instebotnvatnet vil medføre ca. 1,85 GWh auka produksjon årleg ved Sesselva kraftverk. Det vert ingen endring i bygg eller på elektromekanisk utstyr i kraftstasjonen. Auka i produksjon kjem som følge av betre vassutnytting med eksisterande turbin. Største slukeevne er i dag 2,2 m³/s og installert effekt er 5,1 MW. Lengden på ytterlegare råka elvestrekning er ca. 3,5 km. Dammen ved utlaupet av Instebotnvatnet er tenkt utført som massivdam i betong med ei total lengde på ca. 9 m og største høgde 2,5 m. Dammen skal etter plana byggjast veglaust. Planlagt slipp av minstevassføring frå reguleringsdammen i Instebotnvatnet er 20 l/s om sumaren og 10 l/s om vinteren.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal


Dette er ein uttale på vegne av Sunnmøre Friluftsråd, Molde og Romsdals Turistforening, Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal.

Vi ønskjer med denne uttalen å seie noko om omsynet til naturvern og friluftsliv ved utbyggingsplanane av Instebotnvatnet. Samstundes ønskjer vi å melde inn ei bekymring til det eksisterande Sesselva kraftverk slik den framstod for oss under vår synfaring 4. juni 2018. Vi registrerte nemleg ei tørr elv nedstraums inntaksdammen i Hoemselva. Det vil seie at fisk som slepp seg over dammen blir fanga av rista og ført over til tørt land og dør der. Vidare registrerte vi at det var laga ein veg på rørtraséen frå inntaksdammen i Hoemselva over Lianakken retning Daugstadsetra. Vidare registrerte vi at rørtraséen nedstrøms inntaksdammen i Hoemselva var 40 meter brei, noko vi tvilar på er i tråd med vilkåra. **Vi legg ved nokre bildar som viser desse avvika og forventar at NVE, som den rette offentlege instans, gjer noko med avvika.**

Innleiingsvis må vi seie at vi burde fått denne søknaden om regulering av Instebotnvatnet samstundes som sjølve søknaden av Sesselva kraftverk, der vi gav innspel 23.08.2013 og 24.01.2014. Vi les at dei biologiske granskingane av Instebotnvatnet skjedde 7. oktober 2016, medan Sesselva kraftverk starta opp i september 2016, noko som tyder på at dette var kjent allereie då. Vi kan fort sjå for oss fleire planar som gir meir effektiv utnytting av vatnet i dette vassdraget. Det kallast bit-for-bit-utbygging som kvar for seg verkar ufarleg, men som samla fører til kaos i naturen. Dette inntrykket blir forsterka når ein les søknaden, hvor det står fleire stader at føremålet med reguleringa av Instebotnvatnet er å sikre minstevassføringa!? Dette blir jo heilt feil argumentasjon og ber berre om tilsyn av rett myndighet som følgjer opp den faktiske minstevassføringa.

I Vestnes kommune er det få synlege fossar. Sett frå andre sida av Tresfjorden ligg Sesselva, Hoemselva og Liafossen midt i linsefokus for både vegfarane og dei fleire tusen som kvart år går til topps på eit av fjella aust for Tresfjorden. Den er eit viktig landskapselement i rommet mellom Vikebukt og Tresfjorden, mellom fjorden og dei majestetiske fjella. Liafossen og fossefalla ovanfor ved Hoemssetra er etter vårt syn den mest karakteristiske fossen og den mest iaugefallande fossen i heile kommunen. Den er ein del av fjordlandskapet, opplevd og sett frå sjøsida so vel som frå vegane. No er allereie Liafossen regulert med den eksisterande reguleringa. Ein ytterlegare regulering av vassregimet er etter vårt skjønn ikkje ønskjeleg og er negativt sett bort frå økonomisk gevinst for nokre få.

Romsdalen er kjent for blant anna tindane sine. Ved Daugstad har ein to rekkjer som ligg vest for sjølve Romsdalen som er karakteristisk for desse tinderekkjene. Sessknubben nordaust for Instebotnvatnet er ein av desse. Sessknubben er tilgjengeleg for dei fåe (klatrarane) medan synet av dei i landskapet er for alle.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal


Den biologiske rapporten laga til søknaden er interessant. Sjølve feltdagen, 7. oktober 2016, vart nytta langs stranda og ved utløpsosen les vi. Det mest interessante enkeltfunnet var ein ukjend moseart som vart sendt til norges fremste ekspert på mosar, som heller ikkje kunne namnsetja denne. Dette betyr at mosen kan vera ny for vitskapen eller alternativt ein variant av ein kjend art av skovlemose. Uansett, føre-var-prinsippet tilseier varsemd inn til vi veit meir. Med andre ord lar ein vere å regulere Instebotnvatnet.

Vi les litt ulikt om reguleringshøgde, 2 meter alternativt 4 meter reguleringshøgde. Uansett, ei regulerering er fæl å sjå på og har diverre store konsekvensar for fisken og naturen. Uforutsigbare opp- og nedjusteringar av vasstanden er sår i landskapet og øydelegg naturopplevinga i dette unike området.

Slik vi har forstått er Instebotnvatnet eit godt aurevatn. Vidare har vi fått opplyst at gyttinga foregår hovudsakleg i utløpsbekken. Oppdemming i utløpet som gitt i søknaden vil difor få store konsekvensar for aurebestanden i Instebotnvatnet. Elles er vassdraget prega av bruk av fiskarar med sine båtar, naust og stiar mellom fiskevatna. I rapporten er det nemnd noko om at auren ikkje er stadeigen etc. Dette må bero på ei missforståing i den forstand at auren i Instebotnvatnet jfr tradisjonell bruk av ressursane er bore opp frå nærmaste vassdrag, då vatnet ein gong ligg høgre enn den marine grense.

I dei seinare åra har det vorte meir fokus på fossesprøytsone og bekkeklofter. Sjølv små endringar i vassføring kan resultere i at artane forsvinn. Fossesprøytsone er definert som ein viktig naturtype etter DN-handbok nr 13, og skal difor vere kartlagt gjennom dei kommunale naturtypekartleggingane. Vi fryktar at endringar av vassregimet verkar negativt for dei artane som er avhengig av fossesprøyten då elvene går store. Vidare fryktar vi at kompensasjonstiltak som minstevassføring ikkje vil føre fram grunna at artene i desse naturtypene er marginalisert frå før. Elles er det jo slik at ei minstevassføring gjev ingen garanti for faktisk vassføring knytt til manglande tilsyn og/eller bortfall av vatn i den regulerete delen av vasstrenget. I NVE Rapport 2-2011, etterundersøkelser ved små kraftverk, er det referert til 5 tilfeldig valde kraftverk som vart granska på oppfølging av konsesjonsvilkåra. «*Undersøkelsen viste at de fleste brøt forutsetningene om minstevassføringsutslipps*». Verken NVE eller kommunene fulgte opp kraftverkene etter at de var bygd. Vi har diverre også erfaring om større avvik mellom konsesjonsvilkåra og kva som vart faktisk bygd. Våre erfaringar og denne kraftutbygginga spesielt (sjå ovanfor), samt NVE sine eigne granskningar gjer av vi er skeptisk til fleire kraftutbyggingar når vi ser avviket mellom kva som er godkjent og kva som blir resultatet. Manglande oppfølging av konsesjonsvilkåra av myndighetene fører diverre til at natur- og friluftslivsinteressene taper mot utbyggingsinteressene.

Vi er blitt fortalt at det er lom som hekkar ved Instebotnvatnet. Vidare er vi fortalt at den gamle registreringa av rovfugllokalitet er knytt til ein så sårbar art som må spesielt takast omsyn til uavhengig av når registreringa er gjort.




forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vi les at; «*Dammen ved Instebotnvatnet er planlagt bygd veglaust. Det vert nødvendig å belte opp/ned ei gravemaskin, fortrinnsvis på snødekt eller frosen mark. Frakt av bygningsmaterialar, betong og anna nødvendig utstyr er planlagt utført med helikopter.* Diverre gir vår erfaring med denne søkjaren liten tillit (sjå til dømes vedlagte bilde av inntaksdammen og tørrlegginga der). Vi trur diverre tolkinga som søkjaren gjer av eigen søknad kan føre til både lang (les evig) varige sår i terrenget, bilveg, ny røyrgate eller andre lure grep for å effektivisere det allereie utbygde kraftanlegget.

Vi leiter for å finne noko om friluftsinteressene i søknaden. Mangel på dette finn vi rart knytt til vårt samfunns auka fokus på folkehelse og friluftsliv. Etter vår oppfatning er området lett tilgjengeleg og innehar eigenskapane til både eit nærfriluftslivs-område og som ein del av eit større turområde Vestnes/Rauma.

Det er allereie gjort tilretteleggingsarbeide for friluftsliv ved turstiar, klopper og enkle skilt som viser vegen. Turen frå inntaksdammen i Hoemsdalen opp dalen til Hoemsetra på den gamle seterstien er ei oppleveling utan sidestykkje. Området er lett tilgjengeleg og gir oppleveling av viktige natur- og kulturværdier langs elva ved fossefalla under Hoemsetra, Urvatnet, Måsvatnet, Trollvatnet og inst inne Instebotnvatnet. Liafossen og vasstrengen knytt til Sesselva og Hoemselva er også viktig som ein del av eit turområde i større samanheng. Den utgjer starten og innfallsporten til opplevingsmangfaldet på turen til Trolltinden, Svartevasstinden, Øspetinden, Hoemstinden og for overgangen til Måndalen. Vi les at det er tenkt at alle kan køyre bil opp til inntaksdammen i Hoemsdalen, noko som gjer turen vidare opp enno meir tilgjengeleg.

Hoemsdalen og naturen rundt Instebotnvatnet er urørt for store menneskelege inngrep og er meir som ein naturkatedral. Dette blir stadfesta i vår tids registrering av urørtheit også kalla INON-område (inngrepsfri natur meir enn 5 km unna tyngre tekniske inngrep). Her vil det vere nye om lag 3 km² INON-område som er tenkt nedbygd ved regulering av Instebotnvatnet. Vi finn dette som noko av det mest konkrete angrepa mot den urørte naturen i regionen og finn det uforsvarleg å gjere det.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Oppsummering:

Ut fra landskapsomsetning, friluftslivsinteressene, biologisk mangfold og ei samla vurdering av konsekvensane av ei kraftutbygging, rår vi til at Sesselva kraftverk ikkje får utvida konsesjonen sin til å demme opp Instebotnvatnet. Vi er uenig i verdivurderingane som søker har gjort knytt til gode rasteplassar, fisket, hekkeplassar, gyteplassar, spanande juv, imponerande fossestryk og idylliske kulpar, og erfaringsmessig tvilar vi på emna søkeren har til å halde seg til sin eigen søknad.

Helsing

May Britt Haukås



Maria Holo Leikarnes

Molde og Romsdals Turistforening



Åsa Fredly



Øystein Folden



Naturvernforbundet
i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi
Vestnes kommune


Vedlegg: Bilder tekne 4 juni 2018

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal




Oversiktsbilde – Liafossen nedst og fossefalla nedom Homemsetra øvst – det lyse feltet til høgre for vassdraget er den 40 meter breie rørtraseen

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**




Bilde teke frå inntaksdammen i Hoemsdalen – svømmer fisken på tørre landet her ?

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**




Bilde teke frå Lianakken mot inntaksdammen – her skulle det vel vere gjenlegging av ryddetrasee og ikkje ein bilveg ?

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**




Bilde teke frå Hoemsdalen nedstraums inntaksdammen - vassrøret er vel 0,8 meter i diameter – då er det jo rart med ein ryddetrasebreidd på 40 meter ?

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal




Bilde teke frå stien opp mot Hoemsetra

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal




Bilde teke frå framom Hoemsetra og Tresfjorden i bakgrunnen

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**




Bilde teke frå Urdvatnet med ein båt liggande ved innløpsosen

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**




Bilde teke frå nedstraums uløpsosen Instebotnvatnet

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**




Bilde teke frå Instebotnvatnet – utløpsosen, bua og naustet

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**




Instebotnvatnet og Sessknubben delvis skoddelagt

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**



Bua og naustet ved Instebotnvatnet

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Org.nr. 916451954 www.fnf-nett.no